



VEKEPLAN 1.trinn Veke: 24


Ansvarselevar:

1A: Ivana og Daniel

1B: Celina og Hans Samuel

Kontaktlærer:	E-mail:
1A Ina Forland	Ina.forland@austevoll.kommune.no
1B Kjersti Mæland	Kjersti.meland@austevoll.kommune.no
Administrasjon 55081321 Skulen si heimeside: www.minskule.no/storebo	



Tid	Måndag	Tysdag	Onsdag	Torsdag	Fredag
08.10-09.40	Samlingsstund/ Leik	Symjing 1A Stasjonar 1B	Samlingsstund/ Leik	Stasjonar	Samlingsstund/ Leik
09.40-10.05	Friminutt				
10.05 -11.35	Matte	Matte 1A Gym 1B	Tur frå kl.10 	Engelsk	DKS i gymsalen
11.00-11.35	Mat	Mat		Mat	Mat
11.35- 12.00					
12.00-12.45	Stasjonar	Arbeidsøkt		Zippy/ biblioteket	SKULEDAGEN AVSLUTTES 11.35
	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	SKULEDAGEN AVSLUTTES kl.12.45	

Info til heimen

Hei

Då er vi inne i skuleårets siste skuleveker, og sommarferien nærmar seg med stormskritt. Det blir lagt opp til arbeid med fag, rydding av klasserom, leik og andre kjekke aktivitetar desse siste vekene.

Symjing- og gym grupper:

1A skal ha symjing på tysdag og må ha med seg badeklede, handkle, badehette og såpe.

1B skal ha gym i midøkta, og må ha med seg innesko eller antiskli-sokkar i midtøkta tysdag.

Denne veka blir det tur på **onsdag**. Ta med tursekk, godt med mat og drikke og kle barnet etter vêret.

Hugs at alle elevane må ha med seg vatnflaske i sekken kvar dag.



På **fredag** kjem DKS på besøk med framsyninga «Skrubbsår og løse tenner». Plopp er bandet som får deg til å digge rock! Dei serverer eigenkomponerte låtar og tekstar som handlar om sentrale ting for barn i småskulen; vennskap, bursdag, sommarferie, lause tenner og skrubbsår. Det vert kjekt for både store og små 😊

Sommarles er en nasjonal, digital lesekampanje for barn i 1.-7. klasse, i regi av folkebiblioteka. Målet er å motivere barn til å lese gjennom heile sommarferien. Kampanjen varer frå **1. juni til 31. august** og er heilt gratis.



Helsing Kjersti og Ina

Vekas mål

- Eg kan finne halvparten og det dobbelte av tala opp til 20.
- Eg veit kva som er **einarplass** og **tiarplass** i eit tal.
- Eg kan bruke ulike reknestrategiar.
- Eg veit kva vi meiner med minus (subtraksjon) og kan subtrahere med tal under 10.
- Eg kan seie kva klede eg har på meg på engelsk.
- Eg kan leike og eksperimentere med språket.
- Eg kan lytte og ta ordet etter tur.
- Eg kan skrive setningar med stor bokstav og punktum.

Sommarles

Lag gjerne ein brukar på www.sommarles.no til borne ditt, som ein motivasjon for å lese litt i løpet av sommarferien. Her kan ein vinne premiar som kan hentast på biblioteket i Bekkjarvik 😊



Vekas tal

Einarar i og utanfor tiargrupper:



Einarar inne i tiarane

30

Einarar utanfor tiarane

2

Heimelekse

Vekelekse i matematikk: Jobb med mattearket i løpet av veka. Baksida er valfri.

Tysdag og onsdag

Jobb med lekseark 1 og les side 134 og 135 i Salto 1B leseboka (les saman med ein vaksen tre gongar på enten stjerne, måne eller sol teksten).

Torsdag

Jobb med leseek 2 og les i side 140 og 141 i Salto 1B leseboka (les saman med ein vaksen tre gongar på enten stjerne, måne eller sol teksten).

Hugs å lese litt heime kvar dag!

Leksemappa og leseboka skal alltid liggje i sekken.

Vi samlar inn leksene på fredagen.

